

**Utval:** **Fellesnemnda-AU**  
**Møtestad:** Leikanger og Bergen - videokonferanse  
**Dato:** 29.01.2018  
**Tidspunkt:** 10.00-11.20

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Navn	Funksjon	Parti	Merknad
<b>Hordaland</b>			
Anne Gine Hestetun	Leiar	A	
Pål Kårbo	Medlem	KrF	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Roald Stenseide	Medlem	Frp	
<b>Sogn og Fjordane</b>			
Jenny Følling	Nestleiar	Sp	
Sigurd Reksnes	Medlem	Sp	
Åshild Kjelsnes	Medlem	A	
Bjørn Hollevik	Medlem	H	

**Følgjande tilsettrepresentantar møtte i PS 3/18:**

Navn	Fagforeining	
Marius Kjørmo	Akademikerne	Hordaland
Svein Torbjørn Sandvold	LO	Sogn og Fjordane

**Frå administrasjonane møtte:**

Navn	Stilling	
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann	Hordaland
Tore Eriksen	Fylkesrådmann	Sogn og Fjordane
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Økonomi- og organisasjonsdirektør	Hordaland
Paal Fosdal	Ass. fylkesrådmann	Sogn og Fjordane
Thorbjørn Aarethun	Seniørrådgjevar	Hordaland
Ole Inge Gjerald	Seniørrådgjevar	Sogn og Fjordane
Bertil Søfteland	Juridisk sjef / leiar fylkessekretariatet	Hordaland
Svein Hågård	Juridisk sjef	Sogn og Fjordane
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør,	Hordaland
Hilde Joranger Mæland	Leiar, kommunikasjonsrådgjeving	Hordaland
Bjarte Brask Eriksen	Kommunikasjonsrådgjevar	Hordaland
Jan Erik Angelskår	Rådgjevar, IT-seksjonen	Hordaland
Stein Helge Hellebø	Seniorrådgjevar, IKT-tenesta	Sogn og Fjordane
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent, fylkessekretariatet	Hordaland
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet	Hordaland

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

## Sakliste

Utvale-saknr.	Innhold	Arkiv-saknr.	U.Off.
PS 1/18	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 2/18	Referatsaker (skriv og meldingar)		
PS 3/18	Tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann - prosess og framdrift	2015/1434	
PS 4/18	Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen - prosess og framdrift	2015/1434	
PS 5/18	Politisk organisering - prosess og framdrift	2015/1434	
PS 6/18	Ymse		
PS 7/18	Oversendingsforslag om nedsetting av valnemnd	2015/1434	
PS 8/18	Fellesnemnda sitt arbeidsutval – møteplan	2015/1434	

### PS 1/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i fellesnemnda-AU – 29.01.2018

##### Vedtak

Innkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

### PS 2/18 Referatsaker (skriv og meldingar)

#### Saksprotokoll i fellesnemnda-AU – 29.01.2018

Det var ingen referatsaker til dette møtet.

### PS 3/18 Tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann - prosess og framdrift

#### Leiaren i tilsetjingsutvalet rår utvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesordførarane fastset eit opplegg for samtalar med fylkesrådmennene, slik dette er skildra i saksframlegget, og gjennomfører desse samtalane så snart som mogleg.
2. Stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen vert lyst ut eksternt.
3. Tilsetjingsutvalet ber leiaren syte for at det vert gjort avtale med rekrutteringsbyrå for bistand i den vidare prosessen med utlysing og tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann. Dersom dette ikkje forsinkar tilsetjingsprosessen av prosjektleiar/fylkesrådmann, bør eit slikt innkjøp og avtale med rekrutteringsbyrå også omfatte bistand til seinare tilsetjing av andre administrative toppleiarar i den nye fylkeskommunen.

#### Saksprotokoll i fellesnemnda-AU – 29.01.2018

Saka vart behandla av tilsetjingsutvalet (arbeidsutvalet og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane, jf. vedtak i PS 5/17 frå fellesnemnda sitt møte 18.12.2017).

Fylkesrådmann Rune Haugsdal og fylkesrådmann Tore Eriksen gjekk frå under behandlinga av saka.

##### Røysting

Leiaren i tilsetjingsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

1. Fylkesordførarane fastset eit opplegg for samtalar med fylkesrådmennene, slik dette er skildra i saksframlegget, og gjennomfører desse samtalane så snart som mogleg.
2. Stillinga som prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen vert lyst ut eksternt.
3. Tilsetjingsutvalet ber leiaren syte for at det vert gjort avtale med rekrutteringsbyrå for bistand i den vidare prosessen med utlysing og tilsetjing av prosjektleiar/fylkesrådmann. Dersom dette ikkje forsinkar tilsetjingsprosessen av prosjektleiar/fylkesrådmann, bør eit slikt innkjøp og avtale med rekrutteringsbyrå også omfatte bistand til seinare tilsetjing av andre administrative toppleiarar i den nye fylkeskommunen.

## **PS 4/18 Fylkesvåpen for den nye fylkeskommunen - prosess og framdrift**

### **Fylkesrådmennene rår arbeidsutvalet (FN-AU) til å gjere slikt vedtak:**

Arbeidsutvalet ber fylkesrådmennene starte opp prosessen knytt til utforming og val av nytt fylkesvåpen, slik dette vert skissert i saksframlegget.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda-AU – 29.01.2018**

Fylkesrådmennene si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

Arbeidsutvalet ber fylkesrådmennene starte opp prosessen knytt til utforming og val av nytt fylkesvåpen, slik dette vert skissert i saksframlegget.

## **PS 5/18 Politisk organisering - prosess og framdrift**

### **Fylkesrådmennene rår arbeidsutvalet (FU-AU) til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkesrådmennene legg fram sak om framtidig politisk organisering i Vestlandet fylkeskommune til fellesnemnda 22.06.2018. Saka tek utgangspunkt i den vedtekne intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, dagens ansvarsområde og oppgåveportefølje for fylkeskommunane samt Stortinget sitt vedtak knytt til ekspertutvalet si innstilling til nye oppgåver for regionalt folkevalt nivå.
2. Fellesnemnda sitt arbeidsutval ber om at det i saka vert gjort ei nærmare vurdering av om idrettsområdet bør innplasserast i hovudutval for kultur, eller om dette bør ligge til hovudutval for opplæring slik intensjonsplanen legg opp til.
3. Politisk organisering vert fastsett før fylkesrådmennene/prosjektleiar endeleg fastset den administrative organiseringa i Vestlandet fylkeskommune.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda-AU – 29.01.2018**

Fylkesrådmennene si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

1. Fylkesrådmennene legg fram sak om framtidig politisk organisering i Vestlandet fylkeskommune til fellesnemnda 22.06.2018. Saka tek utgangspunkt i den vedtekne intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland, dagens ansvarsområde og oppgåveportefølje for fylkeskommunane samt Stortinget sitt vedtak knytt til ekspertutvalet si innstilling til nye oppgåver for regionalt folkevalt nivå.
2. Fellesnemnda sitt arbeidsutval ber om at det i saka vert gjort ei nærmare vurdering av om idrettsområdet bør innplasserast i hovudutval for kultur, eller om dette bør ligge til hovudutval for opplæring slik intensjonsplanen legg opp til.

3. Politisk organisering vert fastsett før fylkesrådmennene/prosjektleiar endeleg fastset den administrative organiseringa i Vestlandet fylkeskommune.

## **PS 6/18 Ymse**

### **Saksprotokoll i fellesnemnda-AU – 29.01.2018**

**Leiar Anne Gine Hestetun (A) orienterte:**

- 19. januar 2018 var det møte med kommunal- og moderniseringsdepartementet om namnet på den nye fylkeskommunen og den vidare prosessen.
- Ekspertutvalet si tilråding vert lagt fram torsdag 1. februar kl. 10.00.

## **PS 7/18 Oversendingsforslag om nedsetting av valnemnd**

**Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

Oversendingsforslaget vert lagt fram utan tilråding frå fylkesrådmennene.

### **Saksprotokoll i fellesnemnda-AU – 29.01.2018**

**Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:**

«Arbeidsutvalet vert oppnemnd som valnemnd.»

### **Røysting**

Bjørkly sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Arbeidsutvalet vert oppnemnd som valnemnd.

## **PS 8/18 Fellesnemnda sitt arbeidsutval - møteplan**

**Fylkesrådmennene rår arbeidsutvalet (FN-AU) til å gjere slikt vedtak:**

Arbeidsutvalet til fellesnemnda (FN-AU) vedtek følgjande møteplan for 2018:

### **Fellesnemnda – arbeidsutval (FN-AU) 2018**

27. februar  
24. april  
14 .juni  
11. september  
18. oktober  
27. november

### **Saksprotokoll i fellesnemnda-AU – 29.01.2018**

**Anne Gine Hestetun (A)** gjorde framlegg om å endre 14. juni til 15. juni og

**Jenny Følling (Sp)** gjorde framlegg om å endre 11. september til 10. september.

### **Røysting**

Fylkesrådmennene si tilråding med forslaga frå Hestetun og Følling vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

### **Fellesnemnda – arbeidsutval (FN-AU) 2018**

27. februar

24. april

15. juni

10. september

18. oktober

27. november